



Lindås kommune

Att:

Felles postmottak Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Lindås kommune Hordaland - Uttale til varsel om oppheving av reguleringsplan Nappane gnr129 bnr5

Vi viser til brev frå Lindås kommune datert 02.07.2019 om ovannemnde sak.

Fiskeridirektoratet er styresmaktene sitt rådgjevande organ innanfor fiskeri- og havbruksforvaltninga. I saker som får følgjer for desse næringane er det vårt ansvar å sikre deira interesser samstundes som vi skal sikre omsynet til det marine biologiske mangfaldet. Dei marine leve- og oppvekstområda, som til dømes gytefelt, er særleg viktige å ta vare på, slik at komande generasjonar også kan hauste frå havet.

Saka gjeld oppheving av reguleringsplan for Nappane gnr 129 bnr 5 m. fl. Bakgrunnen for opphevinga er at reguleringsplanen ikkje har vore realisert i planperioden for arealdelen til kommuneplan 2011-2023. Realisering av planen er vurdert som lite sannsynleg då det er utfordringar knytt til veg, vatn og avløp. Ei oppheving av planen vil opne for moglegheit for å realisere etablering av småbåtanlegg i Nappavika.

Fiskeridirektoratet region Vest har ingen merknadar til oppheving av planen.

Med helsing

Leni Marie Lisæter
seksjonssjef

Ina Giil Solheim
rådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift.

Mottakarliste:

Lindås kommune

Felles postmottak
Kvernhusmyrane 20

5914 ISDALSTØ

